

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: **Kontrollutvalet i Hareid kommune**
Møtestad: **Rådhuset, kommunestyresalen.**
Dato: **02.09.2020**
Møte tok til **Kl. 08:30**
Møte slutta **Kl. 09.45**

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumenta har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Vest kontroll – Sekretariat for kontrollutval.

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Audun Ulstein	Leiar
Inga Ishild Hareide	Medlem
Kjersti Røyset Topphol	Medlem
Greta Kirkebø	Medlem

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Øyvind Grimstad	Nestleiar

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
Odd Gunnar Kleppe	Øyvind Grimstad

Vest kontroll - sekretariat:

Namn	Funksjon
Jostein Støylen	Dagleg leiar
Jorunn Sandal	Spesialrådgjevar

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS:

Namn	Funksjon
Bodill Skreide	Dagleg leiar/revisjonssjef

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Kariann Bigseth	Fungerande rådmann. Sak 34
Bjørnar Haddal	Økonomileiar. Deler av sak 38
Paul Arne Ulstein	Prosjektleiar Kommunal eigedom FDV. Sak 34



SAKLISTE

- SAK 30/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT
MØTEPROTOKOLL
- SAK 31/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 32/20 MELDINGAR
- SAK 33/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 34/20 ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN - BYGGING OG FRAMDRIFT AV
NYTT HELSEHUS
- SAK 35/20 PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - ØKONOMISK
SOSIALHJEP - NAV HAREID-ULSTEIN-SANDE
- SAK 36/20 REVISJON – ETTERLEVELSESKONTROLL
- SAK 37/20 SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS - OPPFØLGING
- SAK 38/20 RAPPORTERING 1. TERTIAL -2020



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
30/20	033	02.07.2020	02.09.2020	KS

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT
MØTEPROTOKOLL****Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Greta Kirkebø.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
31/20	049	02.07.2020	02.09.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 04.06.2020

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 04.06.2020

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
32/20	033&17	12.08.2020	02.09.2020	KS

MELDINGAR**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Frå avisa Kommunal Rapport, 18.06.2020. «Mener for få anmelder økonomisk kriminalitet».
2. Dokument frå Hareid kommune, av 07.07.2020. «Melding om vedtak – Plan for forvaltningsrevisjon – Kontrollutvalet».
3. Dokument frå Hareid kommune, av 07.07.2020. «Årsmelding for kontrollutvalet 2019».



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
33/20	033&58	26.08.2020	02.09.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har på det noverande tidspunkt ingen merknadar til gjennomgang av møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Hareid kommune si heimeside -

<https://innsyn.hareid.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrifttype):

Eldrerådet:	28.01	10.06		
Formannskapet:	18.05	09.06	18.06	
Kommunestyret:	14.05	18.06		
Kontrollutvalet:				
Levekårs utvalet:	27.04	03.06		
Nærings- og miljøutvalet:	05.05	03.06	30.06	21.08
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:	04.03	10.06		
Valutval:	27.04			

SSR Representantskap

Vert sendt til leiar i kontrollutvalet

SSR Styret

Vert sendt til leiar i kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
34/20	047	12.08.2020	02.09.2020	JSa

ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN - BYGGING OG FRAMDRIFT AV NYTT HELSEHUS

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå prosjektleiaren til vitende.

I møte

Prosjektlear Paul Arne Ulstein orienterte om byggearbeidet med helsehuset.

Ut frå det som kom fram er alt arbeidet i rute på dette tidspunkt.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet ønskjer løypande orientering om bygging og framdrift av helsehuset.

Rådmannen vart kalla inn for å orientere og svare på spørsmål i møtet.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
35/20	217	12.08.2020	02.09.2020	KS

PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - ØKONOMISK SOSIALHJELP - NAV HAREID-ULSTEIN-SANDE**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt økonomisk sosialhjelp - NAV Hareid, Ulstein og Sande i samsvar med prosjektplanen.

Vedlegg

Prosjektplan – økonomisk sosialhjelp - NAV Hareid, Ulstein og Sande. Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet gjorde i sak 29/20 vedtak om at revisjonen skal utføre eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på økonomisk sosialhjelp - NAV Hareid, Ulstein og Sande.

Prosjektplanen ligg no føre med slik problemstilling:

1. Har kommunen etablert tilfredstillande rutinar i høve tildeling av økonomisk sosialhjelp?
 - Sakshandsamingstid
 - Enkeltvedtak
 - Underdokumentasjon
2. Stiller kommunen krav til aktivitetsplikt til sosialhjelps-mottakarar under 30 år?.
Blir aktivitetsplikta overholdt?

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
36/20	216	25.08.2020	02.09.2019	JSa

REVISJON – ETTERLEVELSESKONTROLL**Samrøystes vedtak**

Etterlevelseskontroll av 23.06.2020 blir teke til vitende.

Vedlegg

1. Etterlevelsesrevisjon datert 23.06.2020 frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon v/Bodill Skeide.
2. Tilbakemeldingar frå assisterande rådmann Kariann Bigseth.

Saksopplysningar

- Den nye kommunelova som gjeld frå 2020 er det i § 24.9 innført eit nytt krav til revisor sine arbeidsoppgåver.
- Revisjonen skal utføre forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga. I det ligg at revisjonen skal påsjå at kommunen si økonomiforvaltning foregår i samsvar med bestemmelsar og vedtak. Område som blir kontrollert skal veljast ut etter revisor sitt skjøn, basere seg på risiko- og vesentleghetsvurdering.



- Kontrollen er gjort for rekneskapsåret 2019.
- Det er avdekka mindre avvik på det området som er kontrollert.
- Viser forøvrig til rapporten.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
37/20	026	26.08.2020	02.09.2020	JS

SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS - OPPFØLGING

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS sjå etter om rekneskapsen 2019 for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS gir informasjon om Kommunestyret sitt vedtak i sak 94/19 Selskapskontroll av VØR IKS er følgt opp når det gjeld forvaltningsrevisjonsdelen.
2. Kontrollutvalet ber ordføreren gi tilbakemelding på oppfølging av eigarskapsdelen i Selskapskontrollen.

Vedlegg

1. Tilbakemeldinga frå SSR IKS AV 20.12.2019
2. Representantskapsbehandlinga av rekneskap og årsmelding
3. Årsrapport 2019
4. SELSKAPSKONTROLL SSR IKS Sak 34-19 i KU og KS 94/19

Saksopplysningar

Kommunestyret behandla saka Selskapskontroll av SSR IKS i sak 94/19 og gjorde slikt vedtak:

- «1. Kommunestyret tek rapporten frå selskapskontroll (eigarskapskontroll, budsjettstyring, innkjøp - innkjøpsrutinar/innkjøpspraksis og forvaltningsrevisjon), utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til vitende.
2. Kommunen sine representantskapsmedlemmer har som eigarrepresentantar eit spesielt ansvar for oppfølginga overfor selskapet.
3. Kommunestyret vil peike på at vedtekne rutinar skal følgjast.
4. Kommunestyret ber representantskapet (kommunen sine representantar) og selskapet sine organ (styret og dagleg leiar) følgje opp det som kjem fram i rapporten og underbygge sine vurderingar og svar i henhold til lover, forskrifter og rettleiaren for sjølvkost knytta opp til merknader som kjem fram i selskapskontrollen.
5. Representantskapet og selskapet sine organ gir tilbakemelding til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet innan 15.03.2020. «

SSR IKS sende tilbakemelding til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet 20.12.2019, jf vedlegg 1. Begge organa tok tilbakemeldinga til vitende. Men kontrollutvalet uttalte dette i under behandlinga, sak 3/20 den 18.02 20 i møtet:

«Oppfølginga frå kontrollutvalet vert når rekneskapsen for SSR ligg føre.»

Vurdering

Vi viser Kommunestyret sitt vedtak i sak 94, uttalen til kontrollutvalet i sak 03/20 samt vedlegga i saka. Ut frå det som kjem fram kan det sjå ut til SSR IKS ikkje fullt ut har imøtekomme det kommunestyret gjorde vedtak om i samband med selskapskontrollen. For å få til fullstendig klargjering bør Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS som utførte selskapskontrollen og



kjenner godt til detaljane i undersøkinga, får i oppdrag å sjå at selskapet har utført oppfølginga i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.

Ordføreren bør også utfordrast på om det som var peika på i eigarskapsdelen er følgt opp.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
38/20	212	18.08.2020	02.09.2020	JSa

RAPPORTERING 1. TERTIAL -2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek kommunestyresak 055/20 - rapportering 1. tertial 2020 til vitande.

Vedlegg

1. Kommunestyresak 055/20 - rapportering 1. tertial 2020.
2. Tertialrapport 1. tertial 2020.
3. Finansrapport for Hareid kommune.
4. Skjema.
5. Investeringar første tertial 2020 – Kommunal eigedom.
6. Skjema.
7. Vedtaksoppfølging OKT, 1. tertial 2020.
8. Vedtaksoppfølging EINPLA, 1. tertial 2020.
9. Skjema.
10. Investeringsprosjekt.
11. Skjema.

I møte

- Økonomileiar Bjørnar Haddal stadfesta at overforbruket er vesentleg. Rapporten 1A-Drift på side 7 i vedlegg 2 til saka viser vesentleg meirforbruk i 2020. Pr juli trur administrasjonen at meirforbruket kan bli nærmare 10 mill. for 2020. Det meste refererer seg til velferd.
- Ordførar Bernt Brandal orienterte om formannskapet si behandling av kutt i bruken av sommarvikarar på grøntareala som resulterte i at det måtte leigast inn ekstern hjelp til dette arbeidet.

Saksopplysning:

1. Administrasjonen har lagt ned mykje arbeid i ei omfattande tertialrapportering.
2. Pr. juni venta administrasjonen at meirforbruket i 2020 blir vesentleg. Jf. side 7 i vedlegg 2.
3. Vesentlege ekstrakostnadar pga. covid-19, samt høgre forbruk generelt enn i fjor.
4. Kornasituasjonen har prega arbeidet i kommunen i stor grad. Den sentrale kommuneleiinga har fått gode tilbakemeldingar på handteringa av situasjonen.
5. Kommunen har nye ressurskrevjande brukarar. Kommunen må endre drift og standard på tenester.



6. Drastiske grep i form av omorganiseringar og omstillingar må til for å få ned driftskostnadane. Kommunen står overfor vanskelege vegval og prioriteringar. God økonomistyring er avgjerande.
7. Kommunen manglar ressursar til overordna planlegging og strategi.
8. Det er ei forventning om å få gjennomført fleire tiltak innanfor tildelte budsjetttrammer. Tilsette står i ei stort press mellom brukarar sine behov og budsjetttrammene. Dette gjeld både lokalt og nasjonalt. Rådmannen peikar på at velferdsstaten slik vi kjenner den i dag er ikkje berekraftig.
9. Sjukefråvær:
Høgt sjukefråvær; 8,9%. Viser stigning i 2020 pga. koranspandemien. Sjå side 15 og 16 i vedlegg 2. Høgt langtidsfråvær i barnehage.
10. Økonomisk rapportering pr. sektor og resultateiningar, sjå side 8 i vedlegg 2. Sjå dessutan stab og kommunalsjefar sine kommentarar frå side 12 i vedlegg 2.
11. Dei største investeringane refererer seg til:
 - helsehus kr 34 mill og
 - fotballhall kr 14 mill,
sjå side 9, 10 og 11 i vedlegg.

Møtet slutt.

Audun Ulstein
Leiar

Greta Kirkebø
Medlem

Møteprotokoll går til:

Kommunestyret som melding

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte

Ordførar og rådmann til orientering

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til orientering